

Styremøte i SFSG den 31. august 2017

Stad: Felleskjøpet Skei

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Odd-Jarle Øvreås, Thomas Manseth Bjørhovde og Solgun Haugen
Ikkje tilstades: Jostein Flatland

Sak 44/17. Arrangement og møte styremedlemmane har delteke på sidan førre styremøte

Jo: Geitedagane i Myrkdalen.

Solgun: Har ikkje delteke på noko.

Ragnhild: Grilling av lam under Landsskyttarstemnet 2017 i Førde

Odd-Jarle: Styremøte gjetarhundnemnda, gjetarhund prøve.

Thomas: Grilling av lam under Landsskyttarstemnet 2017 i Førde, Kåringsdommarkurs/infomøte.

Sak 45/17. Oppdatert rekneskap

Styret i SFSG tok rekneskapen pr 30.08.2017 til etterretning.

Sak 46/17. Nytt frå dei ulike gruppene

Avlsutvalet for sau

- Informasjonsmøte med kåringsdommarane den 29.08.17
- Vert jobba med Kåringane
- Avlsutvalet hadde eit møte i forkant av avlsrådet (sau) sitt møte i juni.

Gjetarhundnemnda

- Styremøte 26. juni på Skei.
 - o Info/bli kjent, konstituering (Odd-Jarle leiar, nestleiar Kurt Magne, Roger skrivar, Knut styremedlem)
- SFSG har fått spørsmål frå NSG om å arrangere NM i gjetarhund i 2018. Me hadde ein runde på dette i dei ulike gjetarhundlaga og ein var ikkje klar for å ta på seg eit slikt stort arrangement. SFSG takka difor nei til denne førespunaden.
- SFSG set opp ny vandrepokal for gjetarhund.
- Fylkesmeisterskap i Stryn i år
- Forslag på person i prøvenemnda
 - o Odd Bjarne Bjørdal frå Møre og Romsdal

Geitegruppa

- Ingen aktivitet sidan førre møte

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 47/17. Oppdatert status på manglende årsrapport, org.nr, feil namn og utestående medlemspengar

Lokallag registrert som foreining med organisasjonsnummer	23
- Registrert med feil i namnet (Sau og Geitalslag)	7
Lokallag registrert med feil organisasjonsform	1
Lokallag som ikkje er registrerte	17
Lokallag som ikkje har levert årsrapport til SFSG	21
Medlemmar som ikkje har betalt medlemspengar	47
Eitt lokallag er registrert 2 gonger og 2 lokallag må slettast i samband med nedlegging/samanslåing.	

I fylgje lagslovene til NSG skal lokallag registrera seg som foreining i Enhetsregisteret for å få organisasjonsnummer. Lag som ikkje har organisasjonsnummer får ikkje utbetalt ullpengar frå Nortura. Dei vil også få problem med å oppretta bankkonti.

Styret jobbar vidare med å få lokallaga til å registrera seg og å senda inn årsrapportar. Lokallaga bør kontakta dei medlemmane som ikkje har betalt medlemskontingenten og avklara vidare medlemskap.

Sak 48/17. Leiarsamling 27.-28.oktober. Program. Invitasjon – fordeling av arbeidsoppgåver.

Hotell er bestilt frå fredag ettermiddag til laurdag lunsj. Fagtema vert om beitebruk og rovdyr, og føredragshaldarar er førespurde og har takka ja. Ulike arbeidsoppgåver i samband med leiarsamlinga vart fordelte på styremedlemmane. Program går fram av invitasjonen som blir lagt ut på heimesida til fylkeslaget.

Sak 49/17. Innspel jordbrukstingingane 2018

Under leiarsamlinga vert det oppnemnt ei arbeidsgruppe på 3 personar som skal jobba med SFSG sitt innspel til jordbrukstingingane 2018. Arbeidsgruppa lagar eit utkast til innspel som vert sendt ut på høyring i lokallaga. Frist for merknader frå lokallaga er 31.januar 2018. Styret handsamar merknadane i styremøte før innsending av endeleg innspel til NSG sentralt. Thomas er styret sin representant i arbeidsgruppa. Lokallagrepresentantar bør vera frå Sunnfjord og Sogn, sidan Thomas er frå Nordfjord.

Sak 50/17. Oppfølging «gamle saker».

Apotekavtale – Styret jobbar vidare med dette.

Markering 70 år.

- Gjekk gjennom status for markering so langt.
- Prøver å samla gamle årsmeldingar i høve markeringa

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 51/17. Beitesesongen 2017. Kva veit vi so langt?

Ut frå det styret veit, har det vore ein roleg beitesesong, men beita har vore dårlege rundt omkring. Elles har beita hausta tidleg i år. Heimebeita kan også vera dårlege på grunn av den våte sommaren. Det er store skilnader på beita rundt om kring i fylket.

Sak 52/17. Ymse

a) Grillaksjon Førde LS2017

Aksjonen var vellukka med gode tilbakemeldingar frå publikum, men berre 2 av dei 6 varetypane som det vart servert smaksprøvar av, var å finna inne i butikken. Ved seinare høve må ein sikra at butikkane har alle varene i sortimentet, og ein bør også servera smaksprøvar av ulike typar geitost.

b) Representantskapsmøte 17. - 18. oktober 2017

SFSG kan møta med 2 deltaktar, 1 kan stemma. Ragnhild møter som ordførar, og Odd-Jarle møter som SFSG sin representant. I tillegg reiser Solgun som deltakar nr 2. Thomas og Jo er reservar.

c) Rådgjevar geit

Det tek til å tynnast i rekkjene blant Tine sine fagrådgjevarar på geit. Geitegruppa tek tak i denne problemstillinga.

d) Nye representantar i Avlsrådet for sau

Hordaland og Sogn og Fjordane skal ha to representantar i Avlsrådet for sau. Avlsrådet har bestemt at Tor Atle Sørheim frå Hordaland vert fast medlem, med Tom Idar Kvam som vara.

Referent

Solgun Haugen